



NORCONSULT AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Dato: 17.09.2018
Vår ref.: 2018/12147-6
Saksbehandlar: Iarklem
Dykkar ref.:

Varsel om oppstart av planarbeid - detaljregulering KV1133 - Myrvollane til Hestdal - Meland kommune

Vi viser til brev datert 14.06.2018 om oppstart av arbeid med detaljregulering for KV113 Myrvollane til Hestdal med planprogram. Grunnet kapasitetsutfordringar med sakshandsaming kjem innspelet forsinka. Hovudføremålet med reguleringa er utbetring og legge om Håtuftvegen, samt regulere areal for nytt vassbehandlingsanlegg. Føremålet er i strid med kommuneplanens arealdel der området er satt av til LNF-område, LNF-område med spreidd bustadbygging og offentleg tenesteyting. Kommunen har ikkje vurdert om planen utløser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i arealplanlegginga. Me ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Automatisk freda kulturminne

I brev datert 02.03.2018 søkte Meland kommune om dispensasjon frå arealføremålet i KPA, formålet var utbetring og omlegging av Håtuftvegen ved legging av nye vass- og avlaupsledingar. Området det blei søkt om dispensasjon frå, omfattar delar av det aktuelle området som no er innlemma i detaljreguleringa for Myrvollane – Hestdal.

Hordaland fylkeskommune varsla arkeologisk registrering i dispensasjonssaka. Registreringa vart utført 6. og 7. juni 2018, og det vart ikkje registrert automatisk freda kulturminne innafor det aktuelle området. Me ser derfor undersøkingsplikta, jf. kulturminnelovas § 9, for oppfylt.

Nyare tids kulturminne

Me ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk i området som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Me ber om at det tas spesielt omsyn til den SEFRAK- registrerte potekjellaren som ligg på gnr. 30, bnr. 3. Potekjellaren er eit godt bevart kulturminne som me oppmodar kommunen å sikre då den er eit kulturminne med lokal- og regional interesse.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Samferdsel

Vi er positive til utbetring av krysset til Fv 246 i samband med detaljregulering for vasshandsamingsanlegg og har ingen merknader.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på dei kulturminnefaglege tema som er omtalt i teksten over, og ønskjer lukke til med det vidare planarbeidet.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar communal plan

Lars Petter Klem
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdsleavdelinga

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren

